



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll kyrkjekontor

Det kongelige kulturdepartement
postmottak@kud.dep.no

ASKVOLL, 21.10.2014

Vår ref: 2014/114

Høyringsvar. *Staten og Den norske kirke - et tydelig skille.*

Askvoll sokneråd takkar for høvet til å gje høyringsuttale i saka.
Askvoll sokneråd har i møte 20.10.2014 (sak SR 2014/67) vedteke slikt høyringsvar:

1. Den norske kyrkje som rettssubjekt og soknet sitt sjølvstende

Askvoll sokneråd sluttar seg til at det vert etablert eit nytt, nasjonalt rettssubjekt for Den norske kyrkja, representert ved Kyrkemøtet.

Vidare støttar vi at balansen mellom lokalt og nasjonalt kyrkjestyre vert vidareført.

Soknerådet er samde med departementet i at delegasjonsretten i ny kyrkjelov ikkje gjeld for Kyrkemøtet. Dette inneber at det ikkje vert opning for t.d. forsøksordningar med å legge tilsettingsmynde for prestane til kyrkjeleg fellesråd (j.f. kyrkjelova § 23).

2. Overføring av prestar og andre kyrkjelege tilsette frå staten til kyrkja

Askvoll sokneråd sluttar seg til modellen som vert skissert for overføring av arbeidsgivaransvaret for prestar og andre tilsette ved bispedømmeråda/Kyrkerådet til eit nytt nasjonalt rettssubjekt.

Likevel vil vi understreke at overføringa av arbeidsgivaransvaret ikkje må sementere ordninga med det todelte arbeidsgivaransvaret vi har i lokalkyrkja i dag. Med utgangspunkt i Kyrkjemøtevedtak frå 2013, sak 5/13, pkt. 3, er felles arbeidsgivaransvar ei overordna målsetting:

«Kirkemøtet understreker at overføringa av virksombets- og arbeidsgiveransvaret for prestetjenesten til et nasjonalt rettssubjekt ikke endelig fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres. Kirkemøtet fastholder målsettingen i tidligere kirkemøtevedtak om felles arbeidsgiveransvar i en framtidig kirkeordning.»

3. Prestar og prestetenesta

Askvoll sokneråd sluttar seg til at det vert lovfesta at kvart sokn skal ha rett til å få prestetenesta, og at ein slik sikrar ei landsdekkande kyrkje, og at det vert lovregulert at tenesta skal utøvast i samsvar med ordinasjonen sine føresetnadar og forpliktingar.

Vi saknar likevel meir regulering av forholdet mellom soknet og prestetenesta. Med endringsforslaget vert soknet berre ein mottakar av prestetenesta, der styring og rammer primært kjem frå regionale og nasjonale organ.

Vidare saknar vi at retten til trusopplæringa i alle sokn vert lovfesta på lik linje med prestenesta.

4. Økonomi

Askvoll sokneråd sluttar seg til modellen som vert skissert for ei vidareføring av den todelte finansieringsmodellen, at det nye nasjonale rettssubjektet får eit statleg rammetilskot, og at det framleis er eit kommunalt finansieringsansvar for lokalkyrkja.

Før lovendingane kan tre i kraft(1.1.2017) må det etablerast eit nytt arbeidsgivarapparat for kyrkja. Ekstra omstillingsressursar må difor verte løyvd i tidlegare budsjett.

I ny § 22 i Kyrkelova bør trusopplæringa særskilt nemnast, då denne utgjer eit stort føremål i samla løyving.

Askvoll sokneråd er skeptisk til at det generelt ikkje vert adgang til låneopptak for det nye rettssubjektet. Det er uheldig når ein på den eine sida gir kyrkja sjølvstende og avtalefridom og samtidig avgrensar avtalefridom og handlingsrom ved å avgrense retten til låneopptak.

Mvh

(s.)

Rune Ziener

kyrkjeverje